

Notodden



Oversiktsbilde over husmannsplassane Notodden og Teksten og Hotell Victoria. F.v.: Victoria, Notodden, Teksten)

Husmannsplassen Notodden var i bruk frå 1700-talet til ca. 1900. Plassen låg der Notodden vidaregåande skule ligg nå (tidlegare Tinfos tresliperi). I folketeljinga for 1900 kan vi lese at to søner frå Notodden-plassen, Ole Sigurdsen f. 1853 og Johannes Sigurdsen f. 1862, bur i hus registrert som Notodden under Hvåla. Det er føyd til at dette er tomter. Kanskje låg desse tomtene på den delen av området som Hydro seinare kjøpte.

Det er elles vanskeleg å få full oversikt over eigedomstilhøva etter 1900, da området blei delt opp i svært mange bruksnummer.

Plassen Notodden har fått namn etter odden mellom Tinnesand-bukta og utløpet av Tinnelva. Rundt denne odden var det fine sandgrunnar, og her var det i gamle dagar, helst om hausten i gytetida, store mengder fin aure, sik og laks som blei tatt i garn eller not. Plassen Notodden er borte, men namnet lever vidare som namn på industribyen som voks fram her etter 1900.

I 1801 var det skifte etter Halvor Høljesen. Skiftet viser at plassen hadde følgende hus:

Stugu verd 18 rd, *stolpebu (bur)* verd 8 rd, *stall med trev* verd 2 rd og 2 *mindre hytter (små hus)* verd 2 ort.

Av dette må vi slutte at husmannen var eigar av husa.

Preposisjon til namnet: *på* (på Notodden)

Ekstraskatten 1762

Plassen er busett, men kjelda seier ikkje kven av dei tre husmannsfamiliane under Hvala som budde på Notodden.

Folketeljing 1782

Halvor med 1 brud og 2 barn

Folketeljing 1801

(Folka på plassen Notodden blei av ein eller annan grunn ført under Tinne i 1801)

Herbøn Halvors, husbonde, 40, gift 1ste gg, husmand med jord

Gunil Olsd, Hans kone, 34, gift 1ste gg

Halvor Herbiørns, deres børn, 3

Kirsti Herbiørnsd, deres børn, 5

Folketeljing 1865

Sigurd Pedersen, husfar, husmann m/ jord 46 år

Anne Olsdtr., hans kone, 46 år

Ole Sigurdsen, deres sønn 13 år

Gunhild Sigurdsdtr., deres datter 9 år

Anne Sigurdsdtr., do. 6 år


Johannes Sigurdsen, deres sønn 3 år

Svenung Svenungsen, føderådsmann 60 år

Mari Olsdtr., hans kone 75 år

Plassen har 1 storfe; dei sår $\frac{1}{8}$ tønne bygg, $\frac{3}{8}$ tønne havre, 1 tønne poteter.

Mari Sigurdsdtr. tente på Tinnes i 1865, Ingeborg Sigurdsdtr. på Tinne



Kartskisse frå 1891 over området som viser plasseringa av plassane.

Folketeljninga frå 1865 har også med ein annan husmannsplass Notodden der det budde ein skipsbygger John Evensen Kolstad med kone og fire barn, men dette var ingen husmannsplass, berre eit hus like ved plassen Notodden. Familien Kolstad kom frå Porsgrunn.

Folketeljning 1875

Sigurd Pedersen, husfar, husmann f. 1822

Anna Olsdr., hans kone f. 1822

Anna Sigurdsdtr., deres datter, ugift f. 1859
 Johannes Sigurdsen, deres sønn, ugift, f. 1862
 Ole Sigurdsen, do., dagarbeider f. 1853
 Aslag Tollefsen, losjerende, veiarbeider f. 1856 (i Kviteseid)
 Johannes Olsen, do. f. 1859

Meir om busette på Notodden:

1782: Notodden er truleg registrert som Odden. Ein Halvor bur der med kone og 1 barn. Det *kan* vere Halvor Helgesen/Høljesen og første kona Anne Herbjørnsdtr. som vi veit budde på Notodden seinare.

Halvor Høljesen og Anne Herbjørnsdtr. hadde desse barna:

- 1) **Ole** 40 år i 1801 i flg. skiftet etter faren
- 2) **Herbjørn** f. 1764 g. 1799 m. **Gunil Olsdtr.** Budde på Notodden og på Teksten u/ Tinne.
- 3) **Ingeborg** f. 1770 g. 1787 i Sauherad m. enkemann **Jens Eriksen Volltveit**, seinare i Solum. I 1801 budde dei på Søndre Bjørntvedt i Solum. Jens Eriksen var tømmermann.

Kvar desse barna er fødde seier ikkje kyrkjeboka noko om, men fadderane tyder på at dei ikkje er fødde på Notodden.

1795: Anne Herbjørnsdtr. dør på Notodden som inderst

1796: Halvor Høljesen gifter seg oppatt med enkja **Kari Danielsdtr.** f. 1758 på Rønningen u/ Hvala. (Sjå der) Halvor og Kari fekk ei dotter same året:

Anne f. 1796

1799: Herbjørn Halvorsen gifter seg med **Gunhild Olsdtr.** Same året får dei sonen **Halvor**. Dei blir buande i nokre få år på Notodden, for i 1804 er dei på Teksten u/ Tinne.

Herbjørn Halvorsen og Gunhild Olsdtr. hadde desse barna:

- 1) **Halvor** f. 1798 på Notodden
- 2) **Ole** f. 1801 på Notodden
- 3) **Anne** f. 1804 på Teksten

I tillegg hadde **Gunhild Olsdtr.** dottera **Kirsti Bastiansdtr.** f. 1795, m. Bastian Nilsen "Tinne", seinare på Moen u/ Sem. Kirsti blei ført inn i FT 1801 som Kirsti Herbjørnsdtr.

1801: Herbjørn Halvorsen og Gunhild Olsdtr. bur på Notodden

1801: Halvor Høljesen dør, og det blir skifta etter han.

1818: Peder Sigurdsen og Mari Olsdtr. får sonen Ole på Notodden. Peder Sigurdsen kom frå Kåsa u/ Heibø, f. 1787 på ein plass under Ramberg. Mari Olsdtr. var f. 1791 på Velta u/ Hjukse i Sauherad, dotter av Ole Nilsen Velta og

Gunnild Torstensdtr. Dei gifte seg i 1814 i Heddal. I 1816 er Peder Sigurdsen notert som "Skoleholder" i samband med "Sølvskatten" Denne slekta blir buande på Notodden til plassen blir lagd ned.

Peder Sigurdsen og Mari Olsdtr. hadde desse barna:

- 1) **Anne** f. 1815 i Kåsa u/ Heibø d. 1876 på Hegna u/ Lovald, Sauherad g. 1839 m. **Halvor Gunleiksen Nordgarden** f. 1817 d. 1899, Sauherad
- 2) **Ole** f. 1818 på Notodden g. 1844 m. **Margit Johannesdtr. Susrud** f. 1822. Budde på Knurlia u/ Grene
- 3) **Sigurd** f. 1821 på Notodden d. 1898 på Notodden g.m. **Anne Olsdtr. Ødegarden u/ Tinnes** f. 1821 i Kåsa u/ Heibø d. 1900 på Notodden. Tok over plassen Notodden.
- 4) **Halvor** f. 1823 d. 1824

1824: "Brød og Viinpenge" viser at **Peder Sigurdsen** bur på Notodden. Han dør seinare det året.

1825: **Mari Olsdtr.** gifter seg oppatt med **Sveinung Sveinungen**. Kven Sveinung var son av, er usikkert.

Mari Olsdtr. og Sveinung Sveinungen hadde desse barna:

- 1) **Sveinung** f. 1826 på Notodden g. 1854 m. **Helge Johannesdtr. Kaasa u/ Strand** f. 1822. Budde på Buskøya u/ Roe, reiste til Amerika i 1868 med kona og 3 barn.
- 2) **Gunhild** f. 1828 d.s.å.
- 3) **Peder** f. 1829 d. 1833
- 4) **Gunnild** f. 1832 g. 1865 m. **Reier Johnsen Stålan**, Sauland
- 5) **Ingeborg** f. 1835. Ugift, men fekk dottera Aaste f. 1869 m. Ole Olsen Velta. Aaste blei g.m. Johan Hartvig Olsen Nyhus frå Tanum i Bohuslän. Ho døde frå 4 små barn, og Ingeborg budde derfor med svigersonen og barnebarna.

1848: **Sigurd Pedersen** gifter seg med **Anne Olsdtr.** Dei budde heile tida på Notodden, først som innerstar (leigebuarar) deretter som husmannsfolk. Sigurd Pedersen var dampskipsekspeditor.

Sigurd Pedersen og Anne Olsdtr. hadde desse barna:

Mari f. 1848 på Notodden g. 1874 m. **Gjermund Johnsen Nybu Sløkjedalen** f. 1844 (sjå der)

Ingeborg f. 1851 g. 1886 m. **Halvor Olsen Kantebakke Næset** f. 1848. Hadde også ein son **Halvor m. Halvor Gregersen Kasin**.

Ole f. 1853 d. 1907 på Kåsa u/ Ryntveit, Sauherad g. 1877 m. **Ingeborg Olsdtr. Hagen** f. 1857 på Hagen u/ Haugholt i Sauherad d. 1943

Dødfødd barn 1855

Gunhild f. 1856 d. 1933 g. 1885 m. **Halvor Halvorsen Tinnesand** f. 1860 d.

1916. (Sjå Tinnesand) Gunhild hadde også dottera **Anne** f. 1877 på Notodden, m. **Ole Olsen Uleberg** frå Sauherad. Anne blei g. 1897 m. Karl Schwanborg, skreddar på Notodden. Dei budde på plassen Notodden i 1900. Anne og Karl Schwanborg hadde 8 barn. Anne d. 1928, 50 år. Carl d. 1959, 86 år.

Anne f. 1860 g. 1888 m. **Hans Leifsen Brattebrekke** f. 1859 d. 1943

Johannes f. 1863 g. 1888 m. **Gunhild Halvorsdtr. Næset** f. 1867 på Rulnes u/ Ståo d. 1925. Johannes og Gunhild emigrerte til Amerika i 1892, men kom attende året etter. Johannes var bryggjeformann og lensearbeidar. Budde på ei tomt som også heitte Notodden.

Helge f. 1866 d. 1867

1870: Mari Olsdtr. dør på Notodden

1874: Sveinung Sveinungsen dør på Notodden, 73 år i flg. kyrkjeboka.

1900: Notodden er nedlagd som husmannsplass. Siste husmann, Sigurd Pedersen, døde i 1898. Husa står framleis, det viser fleire bilde, og det var truleg Carl Schwanborg og kona Anne Olsdtr. som budde der da. Anne var barnebarn av Sigurd Pedersen og Anne Olsdtr. Notodden.

Det var to søner Notodden som bygde seg hus i nærleiken av plassen Notodden, nemleg Ole og Johannes. Desse husa/tomtene er også ført inn i FT 1900 som Notodden, men det står "tomt" i feltet for merknad.

Ole Sigurdsen Notodden og kona **Ingeborg Olsdtr. Hagen** gifte seg i 1877. Ingeborg var dotter til Inger Gudmundsdtr. f. Holtan, g. 2 g. m. Gregar Nilsen Teksten u/ Tinne. Ole og Ingeborg budde på kvar si side av gjerdet mellom dei to plassane Notodden og Teksten.

Ole Sigurdsen og Ingeborg Olsdtr. hadde desse barna:

1) **Ole** f. 1878 g.m. **Magda Wilhelmine Pedersen** f. 1875

2) **Ambros** f. 1880 d. 1955 g. 1919 m. **Anne Hansdtr. Skogen** f. 1899 d. 1978

3) **Johannes** f. 1883 d. 1961 g. 1903 m. **Ingeborg Emalia Nyhus** f. 1883 d. 1951

4) **Anne** f. 1885 g.m. snikkar Toreskås frå Holla

5) **Ingeborg** f. 1889 d. 1915 på Notodden

6) **Ingrid** f. 1891 g. 1914 m. **Johan Albert Olsen Bakke** f. 1889 i Tjølling

7) **Sveinung** f. 1895 d. 1908 på Notodden

Den andre sonen som bygde hus i nærleiken av Notodden-plassen, var **Johannes Sigurdsen**. Han gifte seg i 1888 m. **Gunhild Halvorsdtr. Næset**. Ho var dotter til Halvor Olsen Kantebakke/Rulnes/Næset og første kona Aslaug Olsdtr.

f. Rulnes. (Andre kona hans var Ingeborg Sigurdsdr. Notodden, syster til svigersonen hans, Johannes Sigurdsen Notodden) I 1892 reiste dei til Amerika, men kom attende etter kort tid. Alle barna blei fødte på Notodden u/Hvåla, dei eldste truleg på husmannsplassen, dei yngste truleg i det nye huset som Johannes bygde. Johannes var bryggjeformann og lensearbeidar, og hadde såleis bustaden nær arbeidet.

Johannes Sigurdsen og Gunhild Halvorsdr. hadde desse barna:

- 1) **Aslaug** f. 1888
- 2) **Anne** f. 1890
- 3) **Halvor** f. 1893 g. 1917 m. **Betzy Olsen** f. 1896
- 4) **Sveinung** f. 1896
- 5) **Mari** f. 1898 d. 1967 i Skien g.m. **John Faane** frå Heddal f. 1895 d. 1971
- 6) **Ole** f. 1900
- 7) **Sigurd** f. 1902 emigrerte til Canada i 1927

*Johannes O. Notodden
f. 1883. Utlånt av Aase
Helene Røraas.*

